



Silje Namtvedt
Skjelvik 3
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1457 - 14/5795

Saksbehandlar:
Helge Vallestad
helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:
28.05.2014

Referat frå første møte i skuleskyssnemnda 160514

Møtet vart halde på rådhuset fredag 16. mai kl. 08.30 – 10.00.
Jon Askeland, Silje Namtvedt, Kenneth Murberg og Helge Vallestad møtte.

Møtet var kalla inn grunna:

I sak 19/2014 gjorde formannskapet følgjande vedtak:

Formannskapet slutta seg til rådmannen sitt framlegg om å setja ned ei politisk nemnd som skal leggja fram vurderingar knytt til farleg skuleveg og særordningar for skuleskyss i Radøy. Formannskapet ønskjer fagkompetanse frå administrasjonen i nemnda sitt arbeid. Mellom anna skal nemnda på synfaringar og vurdere dagens trafikksituasjon ved skulane. Nemnda skal også henta innspel frå ulike instansar.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding, med følgjande tillegg:
Kenneth Murberg, Silje Namtvedt og Jon Askeland er politiske medlemar i nemnda.

Rådmannen har oppnemnd Helge Vallestad som sekretær/fagkompetanse for nemnda.

Hovudsaka på dette første møtet var vurdering av innhald og konsekvensar i formannskapet sitt vedtak, dvs. mandatavklaring

Nemnda diskuterte ma. desse momenta:

- Dei nasjonale krava til særleg farleg, også sett i lys av at staten/fylket eig vegane.
- Kostnader sett opp mot prinsippet gratis grunnskule, og at mange med rett ikkje nytta han.
- Organiseringa av skuleskyssen - inklusiv samferdsleavdelinga hjå fylket, Nobina, Skyss Korleis utnytta eksisterande kapasitet best mogleg i eksisterande rutenett.

Nemnda ønskjer å få til eit møte med rette vedkomande på fylket for å drøfta nærare konsekvensane i siste kulepunktet. Jon får i oppdrag å gjennomføra naudsynte sonderingar for å finna ut kven som er rette vedkomande.

Det vert lagt opp til eit møte tysdag 10.06.14 kl. 08.30-10.00 ma. for å planleggja møte med fylket i aug/sep.

Med helsing

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Silje Namtvedt
Kenneth Taule Murberg
Jon Askeland

Skjelvik 3 5939
Sævdalvegen 24 5936
Sæbøvegen 250 5938

SLETTA
MANGER
SÆBØVÅGEN